

721 **31 Familievenleg foreldrepermisjon**

722

723 Fedrekvoten vart innført i 1993 med fire nye veker i tillegg til eksisterande fødselspermisjon. Fra 1. juni
724 2018 vart foreldrepermisjonen tredelt, med 15 veker til far ved 100% uttak.

725

726 Etter dette har stadig fleire tatt til orde mot ei slik rigid ordning, utan å bli høyrd. Vi ser negative effektar av
727 at mor, som vanlegvis tek første del av permisjonen, skal ut i jobb stadig tidlegare etter fødsel.

728

729 Ein av dei negative effektane er at ammefrekvensen er synkande. Norsk morsmelk har ein økonomisk verdi
730 på meir enn ni milliardar norske kroner i året. Men det kjem ikkje av seg sjølv, og det kunne vore meir. I
731 Noreg er det berre 48% av born som framleis får morsmelk ved 12-månaders alder. Amming er svært
732 lønnsamt for samfunnet. Det gir betre helse til mor og born, er miljøvenleg og bidreg til mattryggleik. Her er
733 altså eit stort rom for forbetring. Men amming er tidkrevjande arbeid, og ammefri er ikkje ei fullgod
734 erstatning for permisjon.

735

736 Fedrekvoten har heller ikkje ført til auka likestilling i arbeidslivet. Det har derimot ført til auke i ulønt
737 permisjon. I 2008 tok 18% av mødrer ulønt permisjon for å forlenge perioden heime med barnet. I 2017
738 gjorde 30% av mødrene det same. Det er ei auke i uttak av ulønt permisjon på 66% på ni år. I same perioden
739 auka fedrekvoten frå seks til ti veker. No er fedrekvoten på 15 veker.

740

741 Kvar familie er unik, og må få moglegheit til å innrette kvardagen på den måten som passar dei best. Ein
742 mødre- og fedrekvote kan likevel vere nyttig for å sikre begge foreldre ein del av permisjonstida med barnet,
743 i tillegg til normativ påverknad.

744

745 Senterkvinnene i Sogn og Fjordane krev at:

746

- 747 - Foreldrepermisjonen skal ha ein mødrekvote og fedrekvote på åtte veker kvar; alternativt må ein kunne
748 overføre mødre- og fedrekvote utover 8 veker til den andre forelderen uavhengig av årsak.
- 749 - Tre veker før termin / planlagt igangsetting skal vere forbeholdt mor. Mor skal ikkje miste desse vekene
750 ved tidlegare fødsel.
- 751 - Resten av permisjonen skal vere til fri fordeling mellom foreldra.

752

753 **32 Auka bruk av omvendt valdsalarm**

754

755 Mange valdsaker har prega media i det siste, og det har vore fleire partnardrap der
756 menn har vorte drapsmenn.

757

758 Samfunnet har ei plikt til å førebygge slike tragiske hendingar. Krisesentra tek mot mange
759 utsette kvinner, men mange bur i vanlege nabolag og er redde.

760
761 Voldsalarm er, i mange saker, verken trygt nok eller rettferdig. Det er dei som utøver
762 truslar og vald som skal ha avgrensa sin rørslefridom. Dei har allereie tatt fridommen frå
763 kvinnene dei trugar. Staten må difor sørge for at det er den som utøver truslar og vald som
764 skal få avgrensa sin rørslefridom, slik at vi kan beskytte dei valdsutsette. Dette vil
765 samstundes kunne bidra til større tryggleik for dei som er utsett for vald og truslar.
766
767 - Senterkvinnene ønsker auka bruk av «omvendt voldsalarm». Det må vere eit
768 verkemiddel som er lett tilgjengeleg ved behov.
769
770 - Senterkvinnene støttar det arbeidet som no vert gjort for å legge til rette for dette, mellom
771 anna av justisministeren og politiet.
772

773 **33 Auka kapasitet innan psykisk helse og rusbehandling**

774 I debatten om rusreforma, som aldri vart vedteken, men likevel delvis implementert i politiets
775 praksis, var det brei einigheit om at behandling skulle vere prioritert framfor straff. No sit vi att med
776 ein praksis som har fjerna strafferettsleg handlingsrom utan å erstatte det med behandling. Målet må
777 jo likevel vere å få på plass auka bruk av behandling. Det fordrar at vi tek godt vare på dei plassane
778 med høg kompetanse innan rusbehandling som vi har i dag, samstundes som vi bygger vidare på dei
779 og aukar kapasiteten.

780
781 Regjeringa har eit uttalt mål om å styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert
782 rusbehandling. Trass i brei einigheit og uttalte mål om prioritering og auka satsing, ser vi altså at
783 fagmiljø og insitusjonar for rusbehandling vert nedprioritert og nedlagd. Rusinstitusjonen Tronvik i
784 Helse Førde vart vedteken nedlagt av eit styre som ikkje såg andre alternativ gitt dei økonomiske
785 rammene og prioriteringane som er gjort no og tidlegare.

786
787 Dette vart gjort til tross for at helseministeren i januar 2024 ga sjukehusa i oppdrag i *auke* tal
788 døgnplassar innan psykisk helsevern og rusbehandling. Ein skulle ha høgare kapasitet i 2024 enn i
789 2023. Vedtaket er altså gjort stikk i strid med konkret oppdrag frå helseministeren¹.

790 Senterkvinnene i Sogn og Fjordane krev at:

- 791 - Regjeringa føl opp sine egne instruksar og tek aktivt grep for å hindre nedlegginga av Tronvik
792 - Regjeringa sørgar for nok midlar til å drifte sjukehus og behandlingsinstitusjonar etter lovverk og
793 egne instruksar
794 - Helseføretaksmodellen må revurderast og helst erstattast med eit konsept som set helse og
795 fagkunnskap framfor kortsiktige økonomiske omsyn.

796
797

¹ <https://www.vg.no/nyheter/innenriks/i/LIKJyp/helseministerens-krav-til-sykehusene-flere-doenplasser-til-alvorlig-psykisk-syke>